

Vår dato  
17.11.2005Dykkar dato  
26.09.2005Vår referanse  
05/970 - 5163/05

Dykkar referanse

Utdannings- og forskingsdepartementet

Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

|             |  |
|-------------|--|
| 330.01      |  |
| 21 NOV 2005 |  |
| 2005/02756  |  |

-071

**Høring - forslag til forskrifter til ny barnehagelov**

Vi takkar for invitasjonen til å delta i høringa og sender vedlagt uttalen frå Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Svein Heggheim  
DekanInger Øyre  
Studieleiar i førskulelærarutdanninga



HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE

## Høyringsfråsegn frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

### Forskrifter til ny barnehagelov

Høgskulen i Sogn og Fjordane seier seg innleiingsvis tilfreds med at barnehagane no er flytta til Kunnskapsdepartementet. Barnehagane er med dette tydelegare definert, som eit pedagogisk tilbod, sett inn i ein heilskap.

Vi vil kommentere forslaga til forskrifter fortløpande:

#### **1. Forskrift om norm for pedagogisk bemanning**

Vi er nøgde med at utdanningskravet til pedagogisk leiar og styrar er lovfesta og at styrarens tid til administrasjon og *leiing* kjem i tillegg til norma for pedagogisk bemanning (tilføyning til § 2).

Norm for pedagogisk bemanning: Vi er nøgde med at departementet vil vidareføre ei pedagognorm, men vi meiner det er viktig å betre forholdstalet mellom pedagogar og barn i barnehagane. (Jamfør det som er sagt om forholdet mellom talet på lærarar og elevar i grunnskulen i Soria Moria-erklæringa s. 45). Vårt forslag er difor slik: Ein pedagogisk leiar per 10-14 barn når barna er over tre år, og ein pedagogisk leiar per 5-7 barn når barna er under tre år.

Dispensasjon frå norm for pedagogisk bemanning: Som departementet peikar på, hadde 90,1 prosent av dei pedagogiske leiarane og 87,6 prosent av styrarane førskulelærarutdanning ved utgangen av 2004. I Soria Moria-erklæringa vert det foreslege ein tiltaksplan for å auke talet førskulelærarar i barnehagane. Vi ser difor ikkje behovet for å gi varig dispensasjon. Dette gjeld både for pedagogiske leiarar og styrarar.

#### **3 Forskrift om saksbehandlingsreglar for opptak i barnehagane**

Vi støttar prinsippet som er lagt til grunn for denne forskrifta.

#### **4 Forskrift om familiebarnehagar**

Vi meiner at det er eit for stort misforhold mellom pedagogbemanning i ordinære barnehagar og i familiebarnehagar. Vi meiner difor at bemanningsnorma i §6 bør vere maksimalt 20 barn per førskulelærar.

#### **6 Forskrift om politiattest**

Vi meiner det er viktig at ein skjerpar reglane i forskrift om politiattest.

Høgskulen i Sogn og Fjordane

Avdeling for lærarutdanning og idrett, 17. november 2005